



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/10001 - 20/29910

Saksbehandlar:
Eirik Berntsen
eirik.berntsen@alver.kommune.no

Dato:
20.05.2020

Anmoder om oppfølging av melding om mobilt midlertidig knuseverk - gbnr 322/218 Mjåtveit

Tiltak: Mobilt knuseverk
Byggjestad: Gbnr: 322/218 Mjåtveit næringspark
Tiltakshavar: Mjåtveit Næringspark AS
Ansvarleg søkjar: Prosjektstyring Vest AS

Kommunen mottok den 15.05.20 ein bekymringsmelding om mulig fare for forureining i frå et mobilt knuseverk på Mjåtveit næringsområde. Bekymringa gjett på forureining i form av støv og tilsig av sedimentholdig vatn til Mjåtveitelva som ligg rett på nedsiden av næringsområdet. Kommunen hadde på det tidspunktet ikkje kjennskap til knuseverket

Dere har i sak 2020/7538 mottatt ein melding om dette knuseverket.. Vi sender over denne anmodninga fordi vi meiner den kan ha betydning for dykkar vurdering av meldinga dykk har mottatt.

Sakshistorikk

Det mobile knuseverket drives av Vassbakk og Stol som er ansvarlig utførende for arbeidet. Knuseverket er en del av løyve til å planere ut heile planområdet (datert 06.05.13 i sak 13/182 i gamle Meland kommune). Arbeidets totale areal ligger et sted mellom 40-60.000 m². Arbeidet har pågått kontinuerlig og løyvet er fortsatt gyldig.

Bjørn Lindstad hos Vassbakk og Stol opplyste på telefon den 18.05.20 at arbeidet med det mobile knuseverket starta opp rundt 11.05.20 og skulle vare ut månaden. Vidare blei det opplyst at det er kun stedelege massar som knusast, at det er koblet på vann på maskinen og at dei vil stoppe arbeidet ved sterk vind. Arbeidet er meldt til Fylkesmannen, jf. forureiningsforskriften § 30-11.


Kommunens synfaring

Kommunens tilsynsavdeling var på synfaring 15.05.20. Det var ikkje arbeid på staden, da dei som regel ikkje arbeidar på fredagar. Under befaringa registrerte kommunens representanter at to av tre sandfangsdammer ikkje har overløp for vatn. I desse to dammane rett vatnet ut av dammen i botn av dammen, ikkje i frå toppen. Desse dammane har stått der noko tid, og

har ikkje direkte tilknytning til knusverket som har kommet på plassen dei siste ukene. Men det fremstår som dammane inngår i tiltaka som skal hindra avrenning til elva i frå arbeidet med å planera ut heile planområdet.



Den øvre dammen har overløp i toppen av dammen.





Midtre dam har ikkje overløp, men vatnet rett ut igjennom fyllinga.



Nedre dam har ikkje overløp, men vatned ren ut nede.

Vår anmodning til dykk

1. Kommunen ber Fylkesmannen vurdere om dykk må sjå det midlertidige knusverket som eit stasjonært knusverk, ettersom det er i arbeid for et prosjekt som har hatt løyve siden 2013.
2. Vi ber dykk også vurdere om dei tre dammane er noko som bør sjåast nærmare på, i samanheng med forurreiningsforskrifta.

Visar i den samanheng til telefonsamtale med Mari K. Berg den 18.05.20.

Handsaming etter plan- og bygningslova

Vi opplysar samtidig at vi har vurdert det knusverket som ikkje særskilt søknadspliktig etter plan- og bygningslova, da det står på plassen i under 2 månader og er ein del av et pågåande grunnarbeid.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Leif Johnsen	Grønamyrvengen 2	5353	STRAUME
Mjåtveit Næringspark AS	Postboks 66	5318	STRUSSHAMN
Prosjektstyring Vest AS	Postboks 63	4291	KOPERVIK
Vassbakk & Stol AS			

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
-------------------------	--------------	------	-----------